

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 22.09.17
SAKSHANDSAMAR: Haldis Lier
SAKA GJELD: NPE saker i Helse Fonna

STYRESAK: 66/17

STYREMØTE: 29.09.17

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) skal sikre pasientar som har fått skade etter feilbehandling erstatning for økonomisk tap og varige mein. Dei siste fem åra er det utbetalt 3,4 milliardar kroner i erstatning til pasientar og pårørande syner ein ny rapport utarbeida av NPE. *

Vilkår for å ha rett til erstatning er:

- helsehjelpa er årsak til skaden
- skaden må som hovudregel skuldast svikt ved helsehjelpa. Det vil sei at helsehjelpa ikkje har vore i tråd med gjeldande medisinske retningslinjer og prinsipp på behandlingstidspunktet. Unntaksvis vert det gitt erstatning sjølv om det ikkje føreligg behandlingssvikt. Dette gjeld særleg dersom skaden er spesielt stor eller uventa og ikkje er eit utslag av risiko som pasienten må akseptere.
- skaden må som hovudregel ha ført til økonomisk tap
- skaden må ikkje vera for gammal.


Erstatningssummen vert fastsett etter allmenne erstatningsrettslege reglar. Erstatningsutmålinga er individuell, og skal først og fremst dekke direkte tap eller utgifter ein har fått som følgje av skaden. Dersom skaden er varig og omfattande, kan ein i tillegg ha rett til meinerstatning.

Føretaka har plikt til å informere pasientar/ pårørande om høvet til å søkje erstatning i NPE.

Mottatte saker

NPE tok imot 3579 saker i 2016, ein reduksjon på 3 prosent frå 2015. Helse Vest hadde ein liten auke i saker frå 2015 til 2016, medan det for Helse Fonna var stabilt i tal på saker frå 2015 til 2016.


I tabellen under ser ein utvikling i tal på saker dei siste fem åra i Helse Vest og i Helse Fonna.




Utbetaling av erstatning

Utbetalingane er korrelert til og rekna ut frå tapt arbeidsforteneste. Har skaden medført arbeidsuførhet, skal erstatninga dekke inntektstap. Naudsynte og rimelege utgifter som følgjer av skaden skal også dekkast av erstatninga. I tillegg har pasienten rett til meinerstatning dersom skaden har ført til varig mein på minst 15 % medisinsk invaliditet. Det kan gå fleire år mellom innmeldt sak og erstatningsutbetaling – særleg i tilfelle der det er naudsynt å følgje pasienten over tid for å kunne bedømme kor stor skaden er og kva følgjer den får. Vi ser særleg eksempel på dette innan fødselshjelp med skade på barnet. Forseinking i erstatningsutmåling og tilfeldige opphopingar av saker som medfører store utbetalingar fører til store variasjonar frå år til år. Utbetalingane vil difor i stor grad svinge frå år til år.

Tabellen syner samla erstatningsutbetaling dei siste fem åra:



Erstatningsutbetaling i Helse Fonna frå 2012-2016



Helse Fonna - erstatningsutbetalinger 2016 fordelt på fagområde:


Fagområde	Erstatning	Egenandel
Anestesesiologi	18 000	10 800
Blodsjukdommar	907 000	100 000
Endokrinologi og metabolske forstyrningar	2 785 000	100 000
Førdøyelsessjukdommar	0	0
Føde	1 050 000	117 840
Fødselshjelp og kvinnesjukdommar	0	0
Gastroenterologisk kirurgi	3 785 000	209 907
Generell kirurgi	0	0
Hjertesjukdommar	8 122 720	111 000
Hudsjukdommar	0	0
Infeksjonssjukdomar/venerologi	156 000	0
Karsjukdommar	0	0
Lungesjukdommar	50 000	15 387
Nevrokirurgi	0	0
Nevrologi	618 000	48 466
Nyfødtmedisin	2 721 824	100 000
Nyresjukdommar	0	0
Ortopedi	8 961 504	764 884
Plastikkirurgi og kosmetisk behandling	0	0
Psykatri/psykologi	2 800 000	0
Radiologi	0	0
Revmatologi	0	0
Svulstar og kreftsjukdom	305 260	156 797
Urologi	0	0
Øyre-nase-halssjukdom	0	0
Augesjukdom	530 000	62 758

Medhald og avslag


Tal for heile landet viser at 26% av sakene fekk medhald i 2016. Når ein ser på dei siste fem åra, er ei eller anna form for svikt årsak til medhald i 86 prosent av sakene. 57 prosent av medhaldssakene skuldast svikt i behandling, og 27 prosent av medhaldssakene skuldast svikt i diagnostikk. Det er til dømes at funn ikkje er følgt opp, eller at det har vore mangelfull utgreiing.

I Helse Vest fekk 24% av sakene medhald og i Helse Fonna 20%. Tabellane under syner fordeling mellom ulike vedtak (medhald, avslag, avvist) i Helse Vest og Helse Fonna frå 2012-2016:

Helse Vest:



Helse Fonna:



Over 70% av vedtaka fordeler seg på fem medisinske område. Ortopedi, svulstar og kreftsjukdomar står for halvparten av alle sakene med medhald.

I Helse Fonna var 31 av 85 saker med vedtak innan ortopedi i 2016. Til samanlikning var 40 av 90 saker med vedtak innan ortopedi i 2015.

Innan psykiatri/psykologi var det behandla ti saker frå Helse Fonna i 2016. Ingen fekk medhald, fem fekk avslag og fem blei avvist eller henlagt.

Det er viktig å lære av NPE-sakene. Sakene vert utgreia og handsama internt i linja, og blir drøfta i kvalitetsutvalet. Klinikkane brukar NPE-sakene aktivt i sitt kvalitetsforbetningsarbeid. Materiale frå NPE vert også nytta i det regionale Pasientsikkerheitsprogrammet.

Kjelder:

<https://www.npe.no/no/pasientsikkerhet-og-statistikk/statistikkportal-helsepersonell/>

*https://www.npe.no/globalassets/dokumenter-pdf-og-presentasjoner/rapporter/rhf_rapport_2016_web.pdf